

Borgarleg vigsel i Odda kommune

Odda kommune gjennomfører borgarleg vigsel frå 01.01.2018

Prøvingsattest

For å inngå ekteskap i Norge, må det først vurderast om ekteskapsvilkåra er oppfylt. Dette kallast prøving av ekteskapsvilkåra, og vert gjort av folkeregisteret ved ditt regionale skattekontor. På bakgrunn av prøvinga, vil folkeregisteret skriva ut ein prøvingsattest. Attesten er gyldig i **fire månader** frå den er skriven ut. Alle spørsmål knytt til prøvinga må rettast til folkeregisteret ved ditt regionale skattekontor.

Skjema som må fyllast ut til skattekontor/folkeregister:

1. Erklæring fra brudefolkene før prøving av ekteskapsvilkåra.
2. Forlovarerklæring.
3. Erklæring om skifte.
4. Melding om endring av namn.

Bestilling av vigsel

Original prøvingsattest frå folkeregisteret må innleverast/sendast i posten. Før denne er levert, vert det ikkje sett i gang sakshandsaming, eller bekrefta tidspunkt for vigsel.

Kor raskt kan vi gifta oss etter å ha levert original prøvingsattest?

De kan tidligast gifta dykk 5 dager etter at vi har motteke prøvingsattesten. Vi stadfestar ikkje tidspunkt før vi har motteke original attest. Attesten **må** vera gyldig på vigselstidspunktet.

Kva dagar kan vi gifta oss?

Tidspunkt for vielsar er **fredagar mellom kl. 9 - 15.**

Ved ynskje om andre tidspunkt, må det skje etter avtale.

Kva kostar det å gifta seg?

Å gifta seg hjå Odda kommune med standard seremoni er gratis, om minst ein av brudefolka er busett i kommunen. Alle andre må betala etter fastsett reglement, sjå under. Det som vert tinga utover standard seremoni, må betalast av brudeparet.

Betalingsattsar pr 01.01.2018

Standard seremoni inntil ½ time	Innbyggjarar *	Alle andre
Seremoni utover ½ time	Uten kostnad	NOK 1000,-
Standard seremoni utanom normert vigselstidspunkt	NOK 1000,-	NOK 2000,-
Leige av standard seremonilokale	NOK 1000,-	NOK 2000.-
Seremoni i andre lokale/stader	Utan kostnad	Uten kostnad
Transport til/frå andre lokale/stader	Faktisk kostnad	Faktisk kostnad
	Faktisk kostnad	Faktisk kostnad

*minimum ein av partane er busett i Odda kommune.

Kjønnsnøytral ekteskapslov

1. januar 2009 fekk Norge kjønnsnøytral ekteskapslov. Dette tyder at personar av same kjønn kan inngå ekteskap.

Seremonirom som kan brukast

- ✓ Seremonirom 1 – formannskapssalen, ligg i 3. etasje i rådhuset. Her er det sitjeplass til 15 personar.
- ✓ Seremonirom 2 – kommunestyresalen, ligg i 4. etasje i rådhuset. Har plass til ca 50 personar.
- ✓ Seremonirom 3 – rettsalen, ligg i 2. etasje i justisbygget. Har plass til ca 50 personar

Frammøte

Paret med følgje må møta opp i god tid før avtalt tidspunkt for vigsel. Paret må visa original prøvingsattest og legitimasjon før seremonien startar. Hugs at gyldig legitimasjon utelukkande er **pass, norsk førarkort eller norsk bankkort**. Asylsøkjjarbevis er **ikkje** gyldig legitimasjon.

Vitne

To vitne må vera tilstades under seremonien og skal underskriva i vigselsboka. Dette kan vera forlovarane eller to andre myndige personar paret har med seg. I unntakstilfelle kan Odda kommune stilla med eitt av vitna. Dette må avtalast på førehand.

Språk

Det kan på førehand avtalast at vigselen skal føregå på nynorsk, bokmål eller engelsk. Dersom paret ikkje forstår norsk eller engelsk, må dei sjølv ta med seg ein kvalifisert tolk.

Seremonien

Seremonien tek omlag 15 - 30 minutt. Under seremonien vert formular for borgarleg vigsel opplesen, i den målforma som er ynskjeleg. Deretter vert paret spurde om dei vil ha kvarandre til ektefeller. Til slutt underteiknar paret, vitna og vigslaren vigselsprotokollen. Paret får etter dette ein mellombels vigselsattest. Endeleg vigselsattest vert ettersendt frå folkeregisteret.

Ringar

Dei som ynskjer det, kan setja på ringar under seremonien. Dette må avklarast i samtalen på førehand.

Kunstnerisk innslag

Dei som ynskjer det, kan inkludera musikk eller diktlesning i seremonien. Dette må avklarast i samtalen på førehand.

Fotografering

Fotografering og filming kan skje under og etter seremonien, i samråd med brudeparet.

Parkering

Parkering under seremonien, vert på offentlig parkeringsplass. Odda kommune har ingen reserverte parkeringsplassar til dette formålet.

Laurdagsvigsler og vigsler på alternative stader

Etter avtale.

Endringar

Siste frist for å endra på avtalt innhald i seremoni, er 1 veke før.

Velkomen

Odda kommune ynskjer dykk hjarteleg velkomne til vigsel, og håpar de får ein minneverdig og flott dag.

Lukke til !